

**Referat frå møte**  
**Utvalg for undervisning og internasjonisering (UUI)**

Tid: 23.05.2016, kl. 13.15-15.00  
Stad: rom 435, HF-bygget

Til stade: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Lise Kristiansen, Christine Hamm, Keld Hyldig, Koenraad de Smedt, Pär Sandin, Rolf Beev, Ragnhild Lie Andersen, Siri Lexau, Eleni Kontodima.

**UUI-sak 18/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste blei godkjend

**UUI-sak 19/16: Orienteringssaker**

**O-sak 1: Referat frå UUI-møte 18.04.16**

**O-sak 2: Mitt UiB**

Jill W. Rettberg demonstrerte Mitt UiB. Mitt UiB erstattar Mi Side frå hausten. Systemet er meir tilpassa faglege behov, og kan inspirere til nye eksamensformar. Det vil bli arrangert kurs i Mitt UiB i regi av DigUiB.

**O-sak 3: Profileringsmateriell**

Vi minner om at det finnes profileringsmateriell for instituttet som alle kan bruke. Fagmiljøa kan hente materiell på Lise Kristiansen sitt kontor ved behov.

**O-sak 4 : Øremerkede midler**

Undervisningsleiar orienterte om tildelinga av øremerkete midler.

20 000 kroner av omstillingsmidla skal gå til omsetting og kvalitetssikring av studieprogram- og emneplanar på engelsk. Midla skal nyttas til ei arbeidsstove for fagleg tilsette for å omsette/oppdatera emneplanar på engelsk i løpet av hausten. Det blei understreka at midla ikkje kan dekkje ekstern omsetjing.

**O-sak 5: Ny undervisningsleder**

Undervisningsleiar Hilde går av, og ny undervisningsleiar for eitt år blir Pär Sandin (klassisk). Han tar over som undervisningsleiar 1.august.

**O-sak 6: Inspera-opplæring**

Frå hausten skal alle vurderingar gjerast i systemet Inspera. DigUiB vil halde kurs i Inspera for fagleg tilsette. Fagmiljøa blir oppmoda om å melde seg på kurs.

**VEDTAKSSAKER:****UUI-sak 20/16: Endring i emneplaner for nordisk**

Vedtak:

UUI vedtar endringa i emneplanen med dei merknadane som kom fram i møtet.

**UUI-sak 21/16: Endring i emneplaner for KUN201**

UUI ønskjer å få avklart om det er mogleg å tilby eit obligatorisk seminar i emnet med atterhald om finansiering, da dette i praksis gjer at det obligatoriske innhaldet i emnet varierer for studentane i ulike kull.

UUI utsett sak om endring i emneplan for kunsthistorie til neste møte, hausten 2016. Utsettinga vil ikkje endre tidspunktet for iverksetting av endringane i emneplanen, som vil vera tidlegast våren 2017.

**UUI-sak 22/16: Endring i emneplaner for NORAN**

Vedtak:

UUI vedtar endringa i emneplanane med dei merknadane som kom fram i møtet.

## **UUI-sak 23/16: Studieplanendring MAHF-LÆNO**

Vedtak:

UUI vedtar endringa i emneplanane med dei merknadane som kom fram i møtet.

## **UUI-sak 24/16: Møtedatoer for hausten 2016**

Følgende møtedatoer for hausten 2016 vart vedtatt:

29.august  
24.oktober  
28.november

## **UUI-sak 27/16: Endring i emneplaner for MAHF-LÆNO**

Saka vart ettersend og er difor nummerert sist.

Vedtak:

UUI vedtar endringa i emneplanen med dei merknadane som kom fram i møtet.

**DISKUSJONSSAKER:**

## **UUI-sak 25/16: Oppdatering og status for HF2018**

Undervisningsleiar presenterte styringsgruppa i HF2018-prosjektet si bestilling om oppretting av arbeidsgrupper ved LLE.

Arbeidsgrupper vil bli etablert i dei nærmaste dagane.  
Fagkoordinator/programstyreleiar vil vere ein del av arbeidsgruppene. Deltakarar i arbeidsgruppene blir inviterte til eit diskusjons- og informasjonsmøte fredag den 27.mai kl 11.15-12 . Møtet blir leia av Hilde G. Corneliussen.

## **UUI-sak 26/16: Eventuelt**

27.5.2016

Hilde G. Corneliussen  
*undervisningsleiar*

Lise Kristiansen  
*fungerande studieleiar*